

# Verifisering – eit «kinderegg» som kombinerer elevmedverknad, metakognisjon og vurdering!

Korleis kan vi jobbe for å få elevane til å utvikle eit språk om språket som dei kan bruke til å reflektere over kva, kvifor og korleis dei lærer? Og korleis kan vi som lærarar oppfylle krava i vurderingsforskrifta om elevmedverknad på ein god måte?

**Margrethe Heltzer Anderssen**, spansk lærar ved St. Hallvard videregående skole i Lier

I LK20 er undervegsvurdering ein integreert del av læreplanen. Beskrivinga av undervegsvurdering handlar om at læraren skal leggje til rette for at elevane får vere med på å reflektere over eiga læring, altså vurdere i kva grad dei oppnår kompetanse i dei forskjellige grunnleggjande ferdighetene. Dette er ikkje nytt tankegods, men er presisert i LK20, der den overordna delen, teksten «Om faget», kjerneelement, kompetansemål og vurderingspraksis skal sjåast i samanheng og som ein heilskap. Det metakognitive aspektet ved læring er

i tillegg endå meir framheva i LK20 enn i tidlegare læreplanar, og saman med nye omgrep, som til dømes *djupnelæring*, gir det både lærarar og elevar utvida moglegheiter for å knyte undervegsvurderinga til læraren saman med eigenvurderinga til elevane ved at elevane og læraren kompletterer kvarandre i desse prosessane gjennom dialog.

I denne artikkelen skal eg forklare korleis eg bruker verifisering som metode for å få den lovpålagde refleksjonen til å bli ein

viktig del av arbeidet med språklæring. Eg har brukt denne metoden i spansk, men han kan brukast i alle språkfag og på alle nivå.

## **Verifisering av elevtekstar**

Verifisering går kort fortalt ut på at eleven skriv ein tekst på målspråket (del 1) og kommenterer teksten på norsk etterpå (del 2). Vi kallar metoden verifisering fordi vi ønskjer å få stadfesta kompetansen eleven viser i del 1, gjennom ei eigenvurdering i del 2. I tillegg vil vi kontrollere at eleven ikkje har brukt hjelpemiddel på ein «ikkje

formålstenleg» måte, ved at han/ho må forklare bruken. Verifiseringsarbeidet mitt begynte som eit samarbeidsprosjekt. Vi var ei gruppe framandspråklærarar i Østfold og Buskerud som våren 2020 jobba med det vi kalla verifisering av elevtekstar. Modellen tvinga seg fram fordi vi måtte finne ein måte å vurdere nivå III-elevane på mens skulane var stengde. Nettskulemodellen er ei undervisningsform der elevane jobbar mykje heimanfrå og åleine, og det kan vere vanskeleg å vite kor mykje dei faktisk skriv sjølve, og kor mykje dei støttar seg på hjelpemiddel, til dømes omsetjingsprogram.

Arbeidet med verifisering kan gjerast etter følgjande modell: Eleven skriv ein tekst med alle hjelpemiddel tilgjengeleg, inkludert ope nett. Etter at eleven har levert inn teksten, skal han/ho verifisere teksten ut frå nokre gitte kriterium som han/ho ikkje kjenner på førehand. Denne delen skal gjerast på norsk og kan løysast på ulike måtar, både munnleg og skriftleg. Elevane kan til dømes lage ein film med Screencast-o-matic eller liknande program og kommentere munnleg, eller dei kan svare skriftleg og vise til døme i teksten. Læraren og eleven kan ha ein skriftleg eller munnleg dialog omkring refleksjonen, og læraren vil vurdere kompetansen til eleven basert på kva han/ho dokumenterer i del 2, som er verifiseringsdelen. Ein kan òg ta omsyn til del 1, som er teksten på målspråket, men då med utgangspunkt i om eleven har brukt hjelpemidla på ein fornuftig måte. Elevane på nivå III, som gjennomførte det første forsøket med metoden, må reknast som prøvekaninar, og det var

heilt klart for oss at dei verken hadde trening i å gjere denne typen eigenvurdering eller kunnskap nok til å gjere det. Likevel klarte dei å vurdere seg sjølve ganske godt innanfor dei rammene dei hadde på dette tidspunktet.

### Verifisering og eigenvurdering

Det påfølgjande året, skuleåret 2020/2021, ønskte eg å gjennomføre undervugs-vurdering utan karakterar, med vekt på metakognisjon og læring og med tydeleg dialog med elevane om kompetanse og fagleg utvikling. Det å vidareføre ideane om å la elevane vurdere seg sjølve gjennom verifiseringsaktivitet blei ein naturleg del av dette arbeidet. Spesielt i vurdering av skriftleg produksjon blei denne metoden ein nyttig reiskap når arbeid må gjerast heime, eller når det skal gjerast på skulen og nettet ikkje kan stengjast. I tillegg hadde eg tid til å la elevane trene på å vurdere seg sjølve på denne måten.

### Kriterium

Kriteria for eigenvurderinga kan tilpassast nivå, omfang og oppgåvetype. Verifisering av ein tekst som er skriven på nivå II på framandspråk, kan til dømes ha kriteria innhald og oppbygging, språk og hjelpemiddelbruk. I tillegg kan ein ha med ein refleksjonsdel. Punkta nedanfor kan òg fungere som ein meny som ein kan velje emne for vurdering frå:

### Innhald og oppbygging av teksten:

- Kvifor har du valt å fortelje dette i svaret ditt?
- Kvifor valde du denne sjangeren?
- På kva måte svarer du på det oppgåva

ber om?

- Kvar har du henta informasjonen? Grunngi kjeldebruken din.

### Språk:

- Ulike verbtider: Finn døme på bruk av ulike verbtider og kommenter bruken.
- Modale hjelpeverb eller noko anna du vil kommentere når det gjeld verb: Finn døme og forklare bruken.
- Tekstbinding: Finn nokre døme og forklar bruken.
- Ordstilling som er lik eller ulik norsk: Vis nokre døme.
- Samsvarsregelen (substantiv – adjektiv, verb i rett person): Finn døme og forklar bruken.
- Ordval: Var det nokon ord eller uttrykk som var vanskelege eller lette å formidle? Korleis fann du orda?

### Hjelpemiddel:

- Korleis har du brukt hjelpemidla?
- Kvifor har du brukt dei?

### Refleksjon:

- Kva var bra og kva var ikkje så bra med denne oppgåva og med svaret ditt?
- Kva synest du at du fekk til?
- Kva lærte du, og kva fekk du vist av kunnskap?

Fordelane med verifisering er at alle elevar får produsere noko, og at dei får reflektere over sin eigen kompetanse på sitt eige nivå. Dei blir meir bevisste på *kva*, *kvifor* og *korleis* dei lærer – det metakognitive aspektet – og dei utviklar eit språk om bruken av hjelpemiddel og kjelder





Dreamstime

og lærer å skilje mellom desse to. Ikkje minst får dei vise og snakke om kompetanse. § 3-10 i forskrift til opplæringslova seier at elevane skal «a) delta i vurderinga av eige arbeid og reflektere over eiga læring og faglege utvikling, b) forstå kva dei skal lære og kva som blir venta av dei, c) forstå kva dei skal lære og kva som blir venta av dei, d) få rettleiing om korleis dei kan arbeide vidare for å auke kompetansen sin». § 3-3 i forskrift til opplæringslova presiserer at formålet med vurdering «er å fremje læring og bidra til lærelyst undervegs, og å gi informasjon om kompetanse undervegs og ved avslutninga av opplæringa». Verifisering er ein metode som støttar desse lovpålagde krava.

### Moglege utfordringar

Elevane er i utgangspunktet ikkje trent i denne typen eigenvurdering, derfor må ein ta seg tid til å la dei få utvikle eit språk om språk, og dei må lære seg å setje ord på læringsprosessar. I enkelte lærebøker blir denne delen av den overordna delen av LK20 teken på alvor, og elevane lærer å snakke om språk på ein naturleg måte, slik at det å reflektere rundt læring ikkje blir ein slags «ekstraaktivitet», men heller ein del av ein heilskap.

I tillegg må vi hugse at elevar med låg måloppnåing i faget kan vise lite kompetanse i eigenvurderinga òg. Uansett, nøkkelen til suksess er å trene, for når

elevane har trent, vil dei betre forstå kva dei skal gjere, og korleis dei skal gjere det, og i tillegg vil dei sjå verdien av å gjere det.

Det er òg viktig å presisere at denne metoden kan tilpassast i stort og smått, frå ei totalvurdering, som skissert i dømet, til små refleksjonar omkring eiga læring. Elevar kan lære seg mykje ved å gjenta strukturar og lære frasar og strukturar utanåt, men betyr det at dei har ei forståing av dei språklege strukturane dei bruker, og at dei kan «ta med seg noe kjent over i andre og ukjente situasjonar», slik LK20 krev at dei skal vere i stand til?

I læreplanen står det at elevane «viser og utvikler også kompetanse når de får anledning til å beskrive og reflektere over språket, samfunnet og kulturen der språket snakkes».

### Foreløpige erfaringar

Kva tenkjer elevane? Enkelte skriv at det er vanskeleg å vurdere seg sjølv, for dei har aldri gjort det før, mens andre har kjennskap til dette frå grunnskulen og kan fortelje om og beskrive kompetansen utan mykje rettleiing.

Nokre synest det er vanskeleg å vere konkrete fordi dei manglar basiskunnskap om grunnleggjande strukturar og treng mykje rettleiing, mens andre kan setje ord på eigen kompetanse og tek i bruk eit språk om språket:

Ord som «det var» og «skal» var litt vanskelege å formulere. Det var lett å starte setningane. Eg ønskte å skrive om ting eg hadde kjennskap til frå før, og som vi hadde skrive om tidlegare. Derfor brukte eg ord og omgrep vi har jobba med. Eg fann orda eg trong i tillegg, ved å søkje dei opp i Ordnett. [...] Gjennom å svare på oppgåva følte eg at eg fekk utfordra meg sjølv. Eg skulle ønskje eg kunne skrive litt meir i djupna, og at eg hadde hatt ein tydelegare introduksjon og ei tydelegare avslutning, men eg fekk til eit kreativt svar, eg varierte verbtidene, og eg fekk skrive ein tekst i ein typisk dagboksjanger.

Ein annan konsekvens av å jobbe på denne måten er at elevane ser på sin eigen tekst og sin eigen kompetanse med «eit

nytt blikk». Dei oppdagar kanskje at dei har gjort feil, dei kan peike på kva som er feil, og i etterkant kan dei reflektere over det:

Eg har brukt feil tid av verbet, det ser eg no! Det burde ha vore futurum: «voy a viajar» (spansk: eg skal reise).

Elevane tenkjer over korleis dei bruker hjelpemiddel og kjelder, og blir meir bevisste på bruken:

Eg hentar 90 % frå OneNote og mitt eige hovud. Eg ser på desse som truverdige kjelder, for det er dette vi har gjort i undervisninga.

Andre tenkjer gjennom kva som er truverdige kjelder:

Eg har brukt informasjonen frå vedlegget vi las, og frå NDLA, som er ei truverdig kjelde. Eg brukte hjelpemiddel som Ordnett og mine eigne notat på OneNote, og eg brukte dei på ein fornuftig måte.

Og nokre blir stolte av kva dei har fått vist av kompetanse:

Eg er eigentleg [...] nøgd med ganske mykje. Eg følte at eg lærte mykje, og at eg kunne meir om [...] enn eg trudde. Eg er nøgd med språket mitt, men eg såg enkelte feil i etterkant.

### Metoden oppfyller krav

Denne metoden oppfyller både krava frå den overordna delen av læreplanen, formålet med LK20 og vurderingsforskrifta, som vi er lovpålagde å følgje. Elevane får

vere med og vurdere seg sjølv, dei reflekterer rundt si eiga læring, dei lærer seg å bruke eit språk til å snakke om språk, og dei deltek aktivt i læringsprosessen. Som språklærer kjem eg tettare på elevane og læringa deira sidan eg må ha ein dialog med dei som er meir på deira premisser. Eg blir òg meir bevisst på korleis læring skjer, og eg kan lettare differensiere og leggje til rette når eg kjenner kvar enkelt elev betre. Verifiseringa blir ein del av vurderinga av kompetansen til eleven. Eg får tydelege «bevis» på kva eleven kan, når han/ho sjølv kan setje ord på det, og vi kan snakke om kompetanse med eit metaspråk.

Verifisering kan brukast både i stort og i smått og er eit fint verktøy for å få elevane i gang med å vurdere seg sjølv og jobbe med å lære seg å lære. Begynn gjerne i det små og få det til å bli ein integrert del av læringa. Som alt anna må også verifisering lærast. Det å la elevane setje ord på kompetansen sin frå dag éin kan vere svært fruktbart, og dersom gevinsten er meir læring og betre forståing, vil ikkje framandspråklærarane føle at verifisering «stel» verdifull tid frå undervisninga.

### Kjelder:

<https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/>  
[https://lovdata.no/dokument/SF/for-skrift/2006-06-23-724/KAPITTEL\\_5#KAPITTEL](https://lovdata.no/dokument/SF/for-skrift/2006-06-23-724/KAPITTEL_5#KAPITTEL)  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-28-20152016/id2483955/?ch=1>  
<https://www.udir.no/lk20/fsp01-02>